

MØTEBOK

FELLESRÅDSSAKER

Førehaving av:
Austrheim sokneråd

Møtestad:
Kyrkjelydshuset

Møtedato:
10.09.2025

Tilstades på møtet:

Medlemmer: Gerd M. Solheim, Hanne Daae, Bjørn Helge Olsen, Randi K. Dyrøy, Anne Dahle Austrheim, Terje Håland, Toril Hordvik, Linda Brandtun, Anny Bertelsen, Helge Dyrkolbotn

Varamedlemer: Inger Synnevåg, Linda Skålevik Syslak

Andre:

Kommunal representant : Hege Ramsland

Kyrkjevevja: Jostein Hauge

Sokneprest: Stein Hugo Fykse

Meldt forfall: Toril Hordvik, Terje Håland, Hege Ramsland

Møtte ikkje: .

Linda Skålevik Syslak

Saker til førehaving:

F – 28/25 – 34/25

Til møtet var medlemer skriftleg innkalla.

Underskrift:

Møteboka er ført i samsvar med det som var bestemt i møtet:

F – 28/25 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Vedtak: Godkjent utan merknader

F – 29/25 FRAMLEGG TIL UNDERSKRIFT AV DAGENS MØTEBOK

Vedtak: Anne Dahle Austrheim og Bjørn Helge Olsen skriv under

F – 30/25 GODKJENNING AV MØTEBOKA FRÅ 11.JUNI 2025

Vedtak: Godkjent utan merknader

F – 31/25 ORIENTERING;

- Det er invitert til 50-årskonfirmantar 12.oktober og det vert som vanleg samling i Kilstraumen etterpå. Flott om soknerådet blir med på gudstenesta
- Kyrkjeverja har tatt kontakt med Edvard Bjerkelund på AKASIA om oppstart av namna minnelund
- Soknerådet stiller med Randi K. Dyrøy og Jostein Hauge på jubileum for Lervåg bedehus

F – 32/25 AUKE I STILLING SOM TRUSOPPLÆRAR

Bakgrunn:

Etter at Jostein Hauge gjekk inn i stillinga som kyrkjeverje så er delar av stillinga hans framleis ledig. Det gjeld 25 % som går på trusopplæring. Denne stillingsprosenten vil vi ha på plass og ønsker å tilby Amelie K. Storebø og utvide sin deltidsstilling frå 30% til 50%. Her kjem det til å bli nokre nye tiltak som ho vil få ansvar for. Det er t.d småbarnstreff og kyrkjegym. Det vil då vere igjen 5 % som kan brukast til innsparing. Saken vart utsett frå førre soknerådsmøte grunna uvisse rundt overføring frå kommunen. Det vart politisk behandla at soknet ikkje får trekk i overføring og vi vil no tilby Amelie K. Storebø utviding av stillinga.

Vedtak:

Soknerådet går einstemmig inn for å auke stillinga med verknad frå 01.09..2025

F – 33/2025 Utviding av stilling til Gry Haukeland

Bakgrunn:

Oddrun Sæle har sagt opp stillinga som reinhaldar på kyrkjelydshuset. Derfor er det 12 % ledig stilling frå 8.oktober. Gry Haukeland har sidan april vikariert i stillinga og har eit ønske om å utvide stillinga si som kyrkjetenar og reinhaldar i kyrkja til reinhaldar på kyrkjelydshuset i tillegg. Gry Haukeland har 18 % stilling som kyrkjetenar og 15% stilling som reinhaldar i kyrkja. Stillinga hennar vil då bli utvida frå 33% til 45 % stilling.

Vedtak: Soknerådet går einstemmig inn for å tilsetje Gry Haukeland i stilling som reinhaldar på kyrkjelydshuset i 12% stilling

F – 34/2025 OPPUSSING AV INNGANGSPARTI OG VÅPEHUS I KYRKJA

Bakgrunn:

Inngangspartiet og våpenhuset i kyrkja treng oppussing. Det må skiftast ut hoveddører og isolerast betre. Det vil hjelpe på å halde varmen i kyrkja. I samband med denne utbetringa må og dørene til sakristi skiftast. Det er stort varmetap grunna dei. For å få oversikt på kva som må gjerast ynskjer kyrkjevevje å hyre inn ein fagperson som kan gi informasjon om kva som må gjerast. Ved nye hoveddører må det også leggst til rette for rullestol betre enn kva det er i dag, så universell utforming er ein del av oppussinga. For å dekke dette må soknet bruke av investeringsmidlar frå kommunen og av dei ekstra midlane som vart tatt opp ved refinansiering av låna i kommunalbanken.

Vedtak:

Soknerådet vedtar at kyrkjevevje kan ta inn fagfolk for å få oversikt på kva som må gjerast slik at soknet kan lage til anbodskonkurranse. Tilstanden på dør på sakristi er så dårleg at der kan kyrkjevevje få ta inn tilbod på nye dører og gjennomføre utskifting. Soknerådet tilrår kyrkjevevje å søkje husbanken og ENOVA om støtte til utbetring i kyrkja.

MØTEBOK

SOKNERÅDSSAKER

Førehaving av:
Austrheim sokneråd

Møtestad:
Kyrkjelydshuset

Møtedato:
11.06.2025

Tilstades på møtet

Medlemmer: : Gerd M. Solheim, Hanne Daae, Bjørn Helge Olsen, Randi K. Dyrøy, Anne Dahle Austrheim, Terje Håland, Toril Hordvik, Linda Brandtun, Anny Bertelsen, Helge Dyrkolbotn

Varamedlemmer: Inger Synnevåg, Linda Skålevik Syslak

Andre:

Kyrkjevevja: Jostein Hauge

Sokneprest: Stein Hugo Fykse

Meldt forfall: Toril Hordvik, Terje Håland

Møtte ikkje:

Linda Skålevik Syslak

Meldt forfall:

Varamedlemmer:

Møtte ikkje:

Andre:

Kyrkjevevja: Jostein Hauge

S – 08/2025 DATO FOR SOKNERÅDEMØTER

- FORSLAG TIL DATOAR
 - 2025
 - 29.oktober kl. 18.00
 - 03.desember kl. 18.00
 - 2026
 - 28.januar kl. 18.00
 - 11.mars kl. 18.00

- 22.april kl. 18.00
- 03.juni kl. 18.00
- 02.september kl. 18.00

S – 07/2025 ÅRSHJUL 2026 FOR GUDSTENESTER

Bakgrunn:

Prost Taranrød var med på førre soknerådsmøte og snakka om gudstenestestatistikk og korleis ein legg opp gudstenester gjennom året. Det viktigaste er ikkje å telle antal gudstenester, men at det er gode gudstenester der folk vil kome. No ligg det eit forslag til datoar for gudstenester i 2026 som soknerådet skal handsama. Her må soknerådet kome med forslag til tema for gudstenester og til invitasjon av t.d Austrheim songlag eller Austrheim seniorkor. Vedtak frå førre sokneråd var at til denne hausten skal det vere eit liste over gudstenester på søndagar og heilagdagane, og eit for andre gudstenester. Det skal også på plass eit årshjul der ein legg opp til innhald / tema for gudstenester.

Vedtak:

Soknerådet gjekk gjennom årshjulet og kom med forskjellige innspel til tema og kor. Det var ønske om Jazzgudsteneste, at Austrheim songlag skulle bli invitert med på gudsteneste 22.mars og lage det til som ei sang og musikk-gudsteneste, at kulturskulen kunne delta på enkelte gudstenester og at me kunne invitere Kongshaug musikkgymnas til å delta på ei konfirmantgudsteneste.